

Vedtak om skulen står ved lag

11.10.2012

Kommunalsjef Asbjørn Skår har no svara på FAU-brevet om skulen og slege fast at kommunen ved rådmannen ikkje kan gje garantiar på vegne av politisk nivå.

Rådmannen legg til grunn at kommunestyret sitt vedtak i juni om opprusting av skulen med løyving i 2014 og 2015 og ferdigstilling i 2015 står ved lag. Kommunalsjefen viser til at dette er følgt opp i rådmannen sitt budsjettgrunnlag og økonomiplanen som er lagt fram for formannskapet.

Når det gjeld mellombelse løysingar lovar Skår at rådmannen vil ta initiativ til at framlegga om montering av varmpumpe i klasserom og lærarrom vert vurdert fagleg. Det same gjeld gjennomføring av måling av luftkvaliteten. Kommunalsjefen lovar å koma attende til resultatane.

Av Ola Matti Mathisen